



Helgheim er staden i to timar laurdag ettermiddag! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag mellom klokka 16 og 18 bør uskedelingane stilla opp på Helgheim og danse! Då er det tradisjonsrike lokalet arena for innspelinga av musikkvideoen på låta "Bygdafest" som Ove Eikemo i EDO har skreve.

Det populære dansebandet har tidlegare nytta Dønhaug Gjestegard under opptak av ein musikkvideo, som til og med har vorte sendt på NRK.

Det blir ikkje stilt nokre bestemte krav til dansekunnskap for dei som mønstrar på Helgheim. Heller ikkje krevst det bestemte klede, men det er ikkje naugsyns å ha på seg "siste skrik". Dansarane kan med andre ord gjerne hente fram noko dei har hatt hengjande i skåpet ei stund! Ove og EDO lovar dei to trivelege og "sosiale" timar!